



Halvårsplan våren 2025





KVA ER EIN HALVÅRSPLAN?

Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i dei erfaringane og den kompetansen dei har. På bakgrunn av rammeplanen utarbeidar vi ein halvårsplan som skal spegle dei ulike fagområda frå Rammeplanen 2017. Dette gjer vi gjennom bruk av tema, mål og metodar.

Når halvårsplanen er laga er det den vi tek utgangspunkt i når vi skriv vekeplanar.

KVA ER RAMMEPLANEN ?

Rammeplanen gir retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Målet med rammeplanen er å gi styraren, dei pedagogiske leiarane og personalet ei forplikta ramme for å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til barnehagen. For å lette planlegginga av eit variert og allsidig pedagogisk barnehagetilbod er innhaldet delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking og læring.





Fagområda er i rammeplan er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengde, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn



Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Verdigrunnlaget til og formålet med barnehagen skal gi retning for og prege arbeidet med fagområda, og barna sin rett til medverknad skal ivaretakast. Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidraga til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meiningsfull og kjekk del av kvardagen deira. Barna si interesse for fagområda skal stimulerast, og barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdset ulike uttrykk og meiningar. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheter innafor alle fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.

("Rammeplan for innhaldet i og oppgåvane til barnehagen", 2017)




TEMA FOR VÅREN 2025

FJELLET, FJORDEN OG BYGDA



TEMA VÅREN 2025

2-5	Kroppen min
6-7	Samisk kultur
8-9	Karneval
10-13	Barnelitteratur og barnekultur, knytt til årstidene og endringar i naturen
13-15	Påsketema
17-18	Barnelitteratur og barnekultur, knytt til årstidene og endringar i naturen
19-20	17. mai tema
21-27	Barnelitteratur og barnekultur, knytt til årstidene og endringar i naturen.





MATJUNGELEN

- Året rundt



Matjungelen er eit aktivitetsprogram for barnehagen, der barn kan utforske ein jungel av mat og oppleve matglede i fellesskap. Barna kan leike og lære om mat som er bra for kroppen og kloden.

I Matjungelen kan barn og personale utforske 5 tema:

- Naturens ressursar
- Måltidsglede
- Matkultur
- Matmot
- Matlaging



Naturen sine ressursar kan bidra til at barna får ein forståelse for korleis ein kan vere med på å ta vare på naturen. Dyrking, sinking og hausting kan vere aktivitetar for å få kjennskap til naturen sine ressursar. Saman med barna kan ein undre seg og få erfaring med kvar mat vi et kjem ifrå.

Måltidsglede kan handle om atmosfæren i barnehagen. Rundt eit måltid kan ein ha plass til gode samtalar, undring og forteljingar. Måltidsglede kan også handle om tilhøyrigheit til fellesskapet, gode smaksopplevelingar, og eit godt og variert kosthald.

Matkultur handlar alle dei kulturelle og tradisjonelle aspekta som er knytt til mat og måltid. Det handlar om korleis vi et, kor vi et, med kven og når vi et. Mat er sterkt knytt til identitet, religion og livssyn. Gjennom mat – og måltidsaktivitetar kan barna utvikle interesse, respekt og forståelse for likheiter og ulikheiter som finst i eit fellesskap.

Matmot handlar om å hjelpe barna med å verte nysgjerrige på maten. Det er viktig at ein har eit positivt fokus på eksperimentering og utforskning av mat. Barna kan få tid til å smake, lukte og kjenne på maten, som kan bidra til utvikle gode matvanar og eit variert kosthald.

Gjennom **matlaging** kan barna utforske, meistre og erfare korleis vi lagar mat. Sannsynlegheita for at barna vil smake på ny mat, er større om dei har vore med å lage maten. Når barna får oppleve at matlaging er kjekt, kan det skape meir matglede og matkompetanse.


Desse fem tema går alle i kvarandre, og er alle ting som skjer i kvardagslivet i barnehagen. Dette barnehageåret skal vi ha ekstra fokus på desse, og knytte Matjungelen opp mot dei andre tema vi skal ha om. Gjennom å ha fokus på Matjungelen, kan ein også styrke barna sitt språkmiljø og auke omgripsforståinga, ved å setje ord på mat, smakar, konsistens, formar, fargar som omgir barna under måltid, både heime og i barnehagen.

For meir informasjon og tips til aktivitetar og matoppskrifter: www.matjungelen.no





MATJUNGELEN



Fokus på «Naturens ressursar»

Gjennomgåande tema

I denne perioden skal vi utforske temaet naturens ressursar. Vi skal bli kjent med naturen og nærmiljøet rundt barnehagen, og utforske kva råvarer som veks og modnast i denne årstida for deretter å bruke dette i matlaging.



					Få erfare og oppleve bere-kraftige prosessar i naturen, som å så, hauste og kompostere	
					Få erfare korleis vi kan bruke dei ulike råvarane i måltida våre	Få erfare korleis vi kan bruke dei ulike råvarane i måltida våre
		Få erfare kva råvarer som veks og modnast på hausten	Få erfare kva råvarer som veks og modnast på hausten	Få erfare kva råvarer som veks og modnast på hausten	Få erfare kva råvarer som veks og modnast på hausten	
	Få erfaring med å lage mat/produkt av ting vi har samla frå naturens ressursar	Få erfaring med å lage mat/produkt av ting vi har samla frå naturens ressursar	Få erfaring med å lage mat/produkt av ting vi har samla frå naturens ressursar	Få erfaring med å lage mat/produkt av ting vi har samla frå naturens ressursar	Få erfaring med å lage mat/produkt av ting vi har samla frå naturens ressursar	
Få sanselege opplevingar knytt til varierte smaksopplevingar	Få sanselege opplevingar knytt til varierte smaksopplevingar	Få sanselege opplevingar knytt til varierte smaksopplevingar	Få sanselege opplevingar knytt til varierte smaksopplevingar	Få sanselege opplevingar knytt til varierte smaksopplevingar	Få sanselege opplevingar knytt til varierte smaksopplevingar	MÅL
Alder	1-2	2-3	3-4	4-5	5-6	

Metode Fjellet :

- Samtale og refleksjon
 - Matlagning
 - Matmot (tørre å smake på råvarene)
 - Lære kvar maten kjem frå
 - Vi smakar og lagar mat
 - Song og forteljingar
 - Temasnelle og plansjar
 - Deltakande barn
 - Turar i nærmiljøet

Metode Bygda og Fjorden:

- Samtale og refleksjon
 - Matlaging
 - Matmot (tørre å smake på råvarene)
 - Sanke og hauste råvarene i naturen
 - Få erfaring med å planlegge gode sunne måltid
 - Samlingsstunder
 - Turar i nærområdet
 - Temasnelle / plansjar
 - Smake på ulike kulturar og tradisjonar

«Barnehagen skal legge til rette for at alle barn kan oppleve rørslede, matglede og matkultur, Personaleet skal legge til rette for at alle måltid og matlaging bidreg til måltidsglede, deltaking, samtalar og fellesskapskjensle hos barna» (Rammeplanen, 2017, s. 49-50).



TEMA : Samisk kultur

Veke: 6-7



Mål: Samane er Noregs urfolk. Vi skal bli kjent med samisk mangfald, kultur og levesett, kunst og mattradisjonar. Markere samane sin nasjonaldag 6. februar.

«Barnehagen skal legge til rette for kulturmøte... Barnehagen skal synleggjere samisk kultur og bidra til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for det samiske mangfaldet.» (Rammeplanen, 2017, s.9)

	Naturen på vidda Dyr på vidda Samisk språk Duodji = samisk handverk Den moderne samen			
Reindrift på vidda Reindriftssamar og sjøsamar Mangfaldet blant samefolket	Reindrift på vidda Reindriftssamar og sjøsamar Mangfaldet blant samefolket			
Joik Samiske eventyr og fortellinger Lavvo Naturens ressursar og sinking	Joik Samiske eventyr og fortellinger Lavvo Naturens ressursar og sinking			
Samisk kultur Samiske klesplagg Nordlys Gahkko brød Reinsdyr samisk flagg	Samisk kultur Samiske klesplagg Nordlys Gahkko brød Reinsdyr samisk flagg			
samisk musikk samisk mat formingsaktivitet	samisk musikk samisk mat formingsaktivitet	samisk musikk samisk mat formingsaktivitet	samisk musikk samisk mat formingsaktivitet	samisk musikk samisk mat formingsaktivitet
1 - 2	2 - 3	3 - 4	4 - 5	5 - 6

Metode Fjellet

- Samtaler og refleksjon
- Bøker og forteljingar
- Song og musikk
- Formingsaktiviteter
- Temaplansjar
- Matjungelen: Fellesskap rundt måltid
- Det samiske flagget
- Omgrep og bilder

Metode Bygda og Fjorden

- Samlingar om temaet.
- Bøker knytt til tema
- Formingsaktivitetar.
- Song og musikk
- Tema sneller og plansjar
- Formingsaktiviteter
- Matjungelen: Samhold og fellesskap rundt måltid og matlaging
- Konkretar



TEMA : Karneval

Veke : 8 og 9

Kvart år i februar feira barnehagen karneval, som er ein festdag i barnehagen. Vi har fokus på samhold, fargar og glede og utkledning. Det er ulike tradisjonar knyt til karneval, og i Norge feirar vi med song, dans og festmat.

«Barnehagen skal la barna få kjennskap til fortellingar, tradisjonar, verdiar og høgtider til den norske kulturarv og kulturuttrykk. Barnehagen skal også gi kjennskap og markere høgtider og tradisjonar som er representert i barnehagen»



				Planlegge pynt Planlegge fest Dekorere
		Fastelavns-Katt Ulike danane I fasten	Fastelavns-Katt Ulike danane I fasten	Fastelavns-Katt Ulike danane I fasten
	Fastelavnsbollar Festmat vs. kvardagsmat Lage instrument	Fastelavnsbollar Festmat vs. kvardagsmat Lage instrument	Fastelavnsbollar Festmat vs. kvardagsmat Lage instrument	Fastelavnsbollar Festmat vs. kvardagsmat Lage instrument
	Fargar Leikar Fortellingar	Fargar Leikar Fortellingar	Fargar Leikar Fortellingar	Fargar Leikar Fortellingar
Song Dans Instrument	Song Dans Instrument	Song Dans Instrument	Song Dans Instrument	Song Dans Instrument
1 - 2	2 - 3	3 - 4	4 - 5	5 - 6

Metode Fjellet

- Samtalar og refleksjon
- Bøker og forteljingar
- Formingsaktiviteter
- Temaplansjar
- Matjungelen: festmat og glede
- IKT
- Dans
- Song
- Musikk
- Øve på å kle seg ut med barnehagekostymene
- Vi undra oss over ulike kostymer

Metode Bygda og Fjorden

- Samlingar om temaet.
- Bøker knytt til tema
- Formingsaktivitetar.
- Song og musikk
- Tema sneller og plansjar
- Formingsaktiviteter
- Matjungelen: Samhold og fellesskap rundt måltid og matlaging
- IKT
- Dans
- Musikk
- Kle seg ut



TEMA : PÅSKE

Veke : 13 - 15

«Gjennom arbeid med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna får kjennskap til grunnleggjande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon og blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen» (Rammeplanen, 2017)



				Nytt liv i naturen Utforske og dokumentere Egget –
	Livet og døden Undring Filosofi	Livet og døden Undring Filosofi	Livet og døden Undring Filosofi	
Påskefortellinga Kyrkja Norske påsketradisjonar	Påskefortellinga Kyrkja Norske påsketradisjonar	Påskefortellinga Kyrkja Norske påsketradisjonar	Påskefortellinga Kyrkja Norske påsketradisjonar	
Palmesøndag	Palmesøndag	Palmesøndag	Palmesøndag	Palmesøndag
Omgrep Tradisjonar og kultur Forteljing Musikk og song Matlaging				
1 - 2	2 - 3	3 - 4	4 - 5	5 - 6

Metode Fjellet

- Samtale om temaet
- Få kjennskap til nokre omgrep knytt til påske
- Bøker og forteljingar
- Song og musikk
- Formingsaktiviteter
- Temaplansjar
- Matjungelen: Fellesskap rundt måltid
- IKT
- Dramatisering
- Sjå på sirkel/oval
- Sjå på kylling
- Formingsaktivitetar

Metode Bygda og Fjorden


- Samlingar om temaet.
- Bøker knytt til tema
- Formingsaktivitetar.
- Mitt val (pedagogisk opplegg)
- Leikegrupper
- Song og musikk
- Temasneller og plansjar
- Formingsaktiviteter
- Matjungelen: Samhold og fellesskap rundt måltid og matlaging
- IKT
- Dramatisering
- Øve på omgrep som for eksempel at eggget er ovalt.



TEMA : 17. mai

Veke : 19 -20

«Gjennom å delta i barnehagen sitt fellesskap skal barna få mulighet til å utvikle forståelse for samfunnet og den verden dei er ein del av» (Rammeplanen s 8)



			Demokrati og grunnloven	
	Bunad og festdrakter Festdagen 17. Mai Festmat - kvardagsmat	Bunad og festdrakter Festdagen 17. mai Festmat - kvardagsmat		
	Tradisjonar Kongen og Dronninga Slottet Russen	Tradisjonar Kongen og Dronninga Slottet Russen	Tradisjonar Kongen og Dronninga Slottet Russen	
Fargane i flagget Pynt Øve 17. mai-tog	Fargane i flagget Pynt Øve 17. mai-tog	Fargane i flagget Pynt Øve 17. mai-tog	Fargane i flagget Pynt Øve 17. mai-tog	
Norsk flagg Nasjonalsangen	Norsk flagg Nasjonalsangen	Norsk flagg Nasjonalsangen	Norsk flagg Nasjonalsangen	Norsk flagg Nasjonalsangen
1 - 2	2 - 3	3 - 4	4 - 5	5 - 6

Metode Fjellet

- Samtale og refleksjon
- Bøker og forteljingar
- Song og musikk
- Formingsaktiviteter
- Temaplansjar
- Matjungelen: Fellesskap rundt måltid
- IKT – sjå ulike filmar om tema
- Konkretar
- Sjå det norske flagg
- Bli kjend med enkle omgrep som for eksempel: Slott, konge og dronning

Metode Bygda og Fjorden

- Samlingar om temaet.
- Bøker knytt til tema
- Formingsaktivitetar.
- Mitt val (pedagogisk opplegg)
- Leikegrupper
- Song og musikk
- Temasneller og plansjar
- Formingsaktiviteter
- Matjungelen: Samhold og fellesskap rundt måltid og matlaging
- IKT
- Kven er dronning og konge i Noreg?
- Korleis ser det norske slott ut?




TEMA: Barnelitteratur og -kultur

Veke: 10-12, 17-18 og 21-27

Dette temaet går igjen i fleire veker, med ulikt fokus. Tematikken i barnelitteraturen vil variere fra periode til periode.

Vi har stort fokus på ASK (Alternativ Supplerande Kommunikasjon)

«Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst og stimulerer til språkleg nysgjerrighet, bevisstheit og utvikling». (Rammeplanen, 2017)



			tekstskaping Lage bøker/ eventyr Skrive eget og andre sine namn Vitsar og gåter	
	Liksomskriving Lytte Fortelje Høyre lydbøker Dialogisk lesing	Liksomskriving Lytte Fortelje Høyre lydbøker Dialogisk lesing	Liksomskriving Lytte Fortelje Høyre lydbøker Dialogisk lesing	
	Enkel dramatisering Forstå tekster i song Lytte til kvarandre og vente på tur Lydbok, film, IKT Øve rytme i språk Dialogisk lesing	Enkel dramatisering Forstå tekster i song Lytte til kvarandre og vente på tur Lydbok, film, IKT Øve rytme i språk Dialogisk lesing	Enkel dramatisering Forstå tekster i song Lytte til kvarandre og vente på tur Lydbok, film, IKT Øve rytme i språk Dialogisk lesing	Enkel dramatisering Forstå tekster i song Lytte til kvarandre og vente på tur Lydbok, film, IKT Øve rytme i språk Dialogisk lesing
	Øve begrep Sortere Bli lese for Øve på å lytte Øve på å delta Teikne	Øve begrep Sortere Bli lese for Øve på å lytte Øve på å delta Teikne	Øve begrep Sortere Bli lese for Øve på å lytte Øve på å delta Teikne	Øve begrep Sortere Bli lese for Øve på å lytte Øve på å delta Teikne
Peikebøker Bildestøtte Rim og regler Song Bevegelsessongar	Peikebøker Bildestøtte Rim og regler Song Bevegelsessongar	Peikebøker Bildestøtte Rim og regler Song Bevegelsessongar	Peikebøker Bildestøtte Rim og regler Song Bevegelsessongar	Peikebøker Bildestøtte Rim og regler Song Bevegelsessongar
1-2	2-3	3-4	4-5	5-6



SPRÅK OG KOMMUNIKASJON

Språkmiljø i barnehagen

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna få støtte i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening.

Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvarldagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling (Rammeplanen, 2017 s.23).

Aktivitetar som styrkar barns språkutvikling:

- Gode samtaler
- Rim og regler, dikt og song
- Forteljing , høgtlesing og dialogisk lesing
- Leik
- Utforsking av skriftspråket



Språkmiljø :

Språkmiljøet i barnehagen er avhengig av eit kompetent personale, med gode haldningar og som har interesse for språkutvikling til kvar einskild barn.

Kva kjenneteikne eit godt språkmiljø?

- Å lytte med merksemd og interesse
- Invitere barna med i samtale med opne spørsmål
- Oppmuntre barna til å delta og lytte til andre under lesestund
- Ha bilete/symbol lett tilgjengeleg på avdelinga og i løpet av barnehage kvarldagen.

ASK :

Å kommunisere på andre måtar enn gjennom talespråk kallast alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). I barnehagekvarldagen brukar vi ASK som ei støtte til språket for alle barna i barnehagen. Barnet får presentert ordet visuelt ved at ein brukar og har bilete/symbol tilgjengeleg gjennom barnehagekvarldagen, og den vaksne formidlar ordet verbalt. Barnet får moglegheit til å formidle ved hjelp av peiking på bilete/symbolet, dette kan bidra til mindre frustrasjon i kvarldagen.

Personalelet går med «sneller» med bilder på.



«Dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine eigne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn» (Rammeplanen, 2017, s.27).



VENNSKAP OG FELLESSKAP



«Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og voksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov” (Rammeplanen 2017 s. 22-23).

I barnehagen skal barna få oppleve og vere ein del av eit fellesskap, der fokuset er på å danne vennskap og gode sosiale relasjonar. Vi i barnehagen er opptatt av å sjå kvar enkelt, å bidra til at barna får ein forståing av kva det vil seie å vere ein god venn. Vi skal legge til rette for at dei lærer seg å akseptere kvarandre, vise empati og gi dei ei forståing for at alle er forskjellige, men like viktige.





LEIKEN

Gjennom leiken oppnår barn humor og glede, sosiale tilknytingar og relasjonar til andre barn.



Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast.

Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur.

Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling, der vi i barnehagen skal inspirere og gi rom for ulike typar leik, både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre. Personalet i barnehagen skal vere med på å fremje eit inkluderande miljø der alle barn kan delta i leik og erfare glede i leik (Rammeplanen, 2017, s. 20).

- Leiken er lystbetont, frivillig, spontan og ikkje målretta.
- Leik er for barnet ”på liksom”, den ligg utanfor den verkelege verda.
- Leik inneber spenning.
- Leik er førebuing til vaksen alder.
- Gjennom leik skaffar barn seg erfaringar og gjer seg kjent med omgivnadane.
- Kroppen blir godt stimulert ved uteaktivitetar, og vi har ulike uteaktivitetar etter årstid, vêr og temperatur.

Barn i barnehagen skal oppleve trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt. Dei skal få oppleve, vurdere og mestre risikofylt leik gjennom kroppslege utfordringar.

Personalet i barnehagen skal gi barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet. Igjennom dette skal barna få vidareutviklar motoriske ferdigheter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar. (Rammeplanen, 2017, s. 49-50)





Ulike typar leik:

- Sansemotorisk leik/ funksjonsleik, frå 0 år.
 - Rørsleleik/ tumleleik, frå ca. 1 år.
 - Samleik/ parallelleik, frå ca. 1,5 år.
-
- Symbolleik, frå ca. 2 år - 4 år. Regelleik, frå ca. 3 år
 - Rolleleik, frå ca. 3 år.
 - Fantasileik
 - Konstruksjonsleik, frå ca. 3 år.



Gjennom leik lærer barnet seg sjølv å kjenne, og utviklar tillit og respekt i forhold til seg sjølv og kva det er i stand til å meistre av utfordringar

